

Dill-modellen

Då eg gjekk på skulen lærte me at to tredjedelar av folket var i arbeid. Forutan å forsyta seg sjølve, skulle dei naturlegvis også forsyta den tredjedelen som ikkje var i arbeid. Den bestod av unge og gamle, pluss uføre, sjukmelde og arbeidslause.

Tidleg i livet las eg også at ein framtidforskar fann ut at rundt år 2030 ville dette bildet vera snudd på hovudet. Då ville berre ein tredjedel vera i arbeid, og desse måtte då forsyta dei andre to tredjedelane.

I dag er me på god veg mot nett denne situasjonen. Folk blir eldre, og dei pensjonerer seg tidlegare, pluss at terskelen for å bli sjukmeld eller ufør er langt lågare.

Heile livet har eg difor tenkt på dette, korleis skal så få personar kunna fø så mange? Og ettersom folk også har blitt mykje meir kravstore, ser oppgåva i utgangspunktet umogleg ut. Effektivisering av prosessar er sjølvstundt ein del av svaret, men særleg på omsorgssektoren er det grenser for effektivisering, der trengst det faktisk mange fleire hender enn før.

For meg har resten av svaret vore at pensjonistar som er åndsfriske og fysisk friske, er ein kjempestor ressurs. Denne ressursen må nyttast skal me koma i mål. Og det er her Dill-modellen på Halsnøy kjem inn.

For dette konseptet er faktisk bygt opp omkring at pensjonistar og andre frivillige stiller opp og gjer ein innsats for andre pensjonistar som er meir eller mindre pleietrengjande. Dette er noko alle tener på. Kommunen, fordi friviljuge utfører gratis tenester som kommunen elles måtte betala for. Dei pleietrengjande, fordi dei får meir omsorg og kjærleik frå personar som ikkje har ein timeplan å halda seg til. Dei frivillige sjølve, som får eit meningsfylt pensjonisttilvere, i staden for å gå på veggene heime. Og sist, dei pårørande, som får betre samvit når dei veit at det er fleire som stiller opp for deira kjære.

Du kan seia at Dill-modellen starta med mat, fordi kommunen ville leggja ned eit tilbod som alle var nøgde med. Men mat er på mange måtar det mest sentrale i alle samanhengar der kjærleik til medmenneske skal utøvast i praksis. Maten er samlingspunktet i bryllaup, åremålsdagar og jubileum. Og ikkje minst i kvar einaste heim, når familien er samla, kvar dag. Det er høgtid når god mat vert servert, og surmuling når ein får noko som ikkje held mål.

Men Dill-modellen vart fort utvikla til den geniale totalpakken som han eigentleg er. Ein av effektane er at også dei frivillige samlast ved matfatet, særleg torsdagar rundt komlene. Eit fellesskap mellom bygdefolk i alle aldrar finn du her. Og frivillige kjører ut gratis til heimebuande som skal ha maten levert på døra. Frivillige karar samlast måndagen til kara-kveld (har ikkje noko med karaoke å gjera). Og i tysdagsklubben samlar pensjonistar i alle forfatningar seg, rundt allsong, forteljing eller anna underhaldning, også utført av frivillige.

Men som alle kjenner til så er det skjer i sjøen. Kanskje ikkje berre skjer, men eit stort isfjell. Som heiter Kvinnherad kommune. Den instansen som altså har mest å vinna på at Dill-modellen får utfalda seg, jobbar med nebb og klør for å ta livet av han i staden.

Dill har fleire planar som kan setjast ut i livet dersom dei får lov å leva. Og modellen kan nyttast fleire stader i kommunen, i litt tilpassa form, til glede både for kommunen og innbyggjarane. Men tek kommunen knekken på Dill, er det neppe mange frivillige som vil freista med noko liknande i framtida.

I MDG har me programfesta at dei eldre skal få fersk, rykande varm, kortreist mat av høg kvalitet. Og at alle tenester skal ytast så nær der dei bur som råd. Og at fleire skal få ta del i tilboda.

Eg vonar at me kan få alle dei andre partia også med på dette. Den respekten fortener både dei eldre og dei frivillige.

Arne Gjerde

Førstekandidat

Miljøpartiet dei grønne